

Voggevise

T: Sigrun Okkenhaug (sang-tilpasset tekst ved JLO)

M: Johan L. Okkenhaug

Dm Dm/C Bb F/A Gm A(sus4) A7

Sov du, gut-en min, eg skal syng-ja drau-ma-ne ljo-se i hu-gen din inn.

9 Dm/Bb Am G Bb -/A Gm A7 D

Sorg og sut skal deg ik - kje tyng-ja sov no og drøym, du gu - ten min.

- 2) Sov du, guten min, eg skal beda
englane små sjå til deg inn!
Kjem dei då med kvar si gleda -
sov no og drøym, du guten min.
- 3) So kjem ein med hesten blanke,
du rid på den i gullslottet inn.
Hesten snøgg som den snøggast tanke -
sov no og drøym, du guten min.
- 4) Finn på slottet dei fagrast blomar,
der kan du plukka full famnen din.
Englesangen ikring deg ljomar -
sov no og drøym, du guten min.
- 5) Sov du, guten min, eg skal kyssa
tårene vekk i frå kinnen din.
Sov og drøym du - eg skal byssa
veslegut i sømnen inn.